



Roald Grasdal
Håtuftvegen 98
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/976 - 16/8122

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
25.04.2016

Godkjenning - arealoverføring på Grasdal, gbnr 28/6.

Administrativt vedtak. Saknr: 109/2016

Saksutgreiing:

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad m/vedlegg motteke 11.04.2016, om løyve til arealoverføring av ca 1500 m² frå gbnr 28/6 til gbnr 28/36 - Meland skyttarlag, jf. Plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 bokstav m og 20-4 d. Det er vidare rekvirert oppmålingsforretning.

Vurdering:

Nabovarsling:

Søknaden er ikkje nabovarsla då omsøkt tiltak berre grensar til kjøpar og seljar sine eigedomar. Administrasjonen har ingen merknader til dette, jf pbl § 21-3.

Lovgrunnlag og planstatus:

Gbnr 28/6 er ein landbrukseigedom på om lag 195 dekar. Omsøkt areal er på om lag 1,5 dekar og er i gjeldande kommuneplan definert som skytebane. Omsøkt arealoverføring er såleis ikkje i strid med arealføremålet i kommuneplanen.

Vilkår for deling etter plan- og bygningslova - tilknytning til infrastruktur:

Ei kvar frådelling/arealoverføring må vere i samsvar med gjeldande arealplan og dei krav som elles er fastsett i eller med heimel i Plan- og bygningslova, jf. pbl. 26-1 («Opprettelse og endring av eigedom»), jf. §§ 1-1 tredje ledd («Lovens formål») og §12-4 («Rettsvirkning av reguleringsplan»).

Ny grunneigedom kan ikkje opprettast før eigedomen er sikra tilkomst, vassforsyning og bortleiing av avlaupsvatn i samsvar med pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4. Ved deling må slike rettigheter om nødvendig tinglysast på tenande eigedom.

Kommuneadministrasjonen vurderer at søknaden stettar krava i pbl § 26-1, jf nedanstående vedtak.

Endelege grenser vert fastsett ved oppmålingsforretning.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 bokstav m og 20-4 d, søknad om arealoverføring av om lag 1,5 dekar til næringsføremål frå gbnr 28/6 i samsvar med søknad motteke 11.04.2016 og situasjonskart stempla godkjend 25.04.2016.

Endelegre grenser vert fastsett ved oppmålingsforretninga.

Om grunngevinga for vedtaket vert det vist til vurderinga over.

Løyvet fell bort dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter Lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gitt, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med Lov om eigedomsregistrering, jf. pbl. § 21-9.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart sak 109

Mottakere:

Roald Grasdal

Håtuftvegen 98 5918

FREKHAUG